

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA - U63	17/565

Saknr	Utval	Type	Dato
054/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
031/2017	Kommunestyret	PS	22.06.2017

## Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Snikkarbua ved Kvingo Nærkjøp AS

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Kafe Sanitæranlegg  
Kvingo gatekjøkken

#### Dato

24.04.2017  
24.04.2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren for lokalet Snekkarbua, adresse Austfjordvegen 1190, 5981 Masfjordnes.
2. Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Trine Ekren, 5981 vert godkjend som avløyser for skjenkeløyvet.
4. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i Kvingo næringsbygg
  - Inneareal med pub og gatekjøkken ca. 50 m2.
  - Tilstøytande lokale ca. 50 m2 med glasstak og vegger rundt.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. Det vert ikkje gjeve løyve til utandørs skjenking i butikken si opningstid.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik: Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Det er eit vilkår at det vert matsservering i begge av lokala.
7. Det er eit vilkår for uteserveringa at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet. Viss uteserveringa vert innelukka med glasstak og skyvevegg som skissert i søknaden vert område å rekne som lokale, slik at røykeforbodet vil gjelde.
8. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing i tid.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
10. Kariann Ekren må ha gjennomført etablererprøven og kunnskapsprøven for skjenking innan 22. juni før løyve kan godkjennast.

### Heimel

Serveringslova med forskrifter, alkohollova med forskrifter og tobakksskadeloven § 6.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Kariann Ekren har sendt inn søknad datert 24.04.17 om serverings- og skjenkeløve for Snekkarbua. Eigar er Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren.

### **Uttale**

Uttalefristen var sett til 29. mai 2017

Skatteoppkrevjaren har i e-post datert 31.05.2017 opplyst følgjande:

«Sak 17/565 – 17/3389

Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til at Kvingo Nærkjøp as ved Kariann Ekren får serverings- og skjenkeløyve for Snikkarbua.»

«Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til søknaden frå Kvingo Nærkjøp AS om serverings- og skjenkeløyve for Snekkarbua»

Politiet i Masfjorden datert 16.05.2017:

«Lensmannen syner til søknad av 24.4.17 og Dykkar brev av 10.5.17.

Lensmannen har ikkje merknader til dei ansvarlege.

Lensmannen har ikkje merknader til at det vert gjeve serverings- og skjenkeløyve.

Det er opplyst at det skal vere 18 års aldersgrense til skjenkestaden. Det er lite sannsynleg at ei slik aldersgrense er praktisk i heile opningstida.

Opningstida er opplyst å vere til kl. 0230 fredag og laurdag. I forhold til ordensmessige utfordringar er det sannsynleg at desse aukar dersom det er skjenking lenge. Skjenkestaden må ha vakthald til å handtere ordensmessige utfordringar i/ved lokalet.»

NAV Masfjorden sosial har pr. 02.06.2017 ikkje gjeve uttale til søknaden.

### **Fakta**

Kariann Ekren er ført opp som dagleg leiar av serveringsstaden og styreleiar for skjenkeløyvet. I søknaden står oppført Kvingo Nærkjøp AS som serverings- og skjenkestad. I e-post datert 9.05.2017 frå Kariann Ekren vert det opplyst at skjenke- og serveringsstaden skal vere Snekkarbua. Det vert også opplyst at avløyser skal vere Trine Ekren og ikkje Øyvind Ekren som opplyst i søknaden.

Snikkarbua er registret i Brønnøysundregisteret under føretaket Kvingo Nærkjøp AS, der formålet og verksemda også omfattar drift av pub, kafe- og gatekjøkken.

Opningstidene er sett opp slik:

Innandørs og utandørs frå kl. 13.00 – kl. 02.30 alle dagar. I søknaden var dette oppført for fredag og laurdag, men er seinare korrigert til å gjelde alle dagar.

Tal på sitjeplassar innandørs er sett til 150 medan tal på sitjeplassar utandørs er sett til 60.

Skjenkearealet er sett til 50 m<sup>2</sup> inne og 50 m<sup>2</sup> ute.

Arealet er i eit anna lokale enn butikken. Ute blir det bygd glasstak og vegger rundt uteserveringa.

Det er opplyst at der skal vere 18 års aldersgrense for skjenkestaden.

Der er sendt inn søknad til Mattilsynet og teknisk avdeling for byggjeløyve.

Kariann Ekren har ikkje kunnskapsprøven for skjenkeløyve og etablererprøven. Trine Ekren har gjennomført både kunnskapsprøven og etablererprøven. Før det vert gjeve løyve må Kariann Ekren ha gjennomført begge desse prøvene.

Kommunen har fått opplyst at drift av pub og kafeteria er registret hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane.

### **Vurdering**

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for dei skjenkestadene som har løyve.

Alkoholpolitisk handlingsplan blei vedteken av kommunestyret den 28.04.2021 for perioden 2016 - 2020. I denne står det at skjenketidene for alkoholgruppe 1 og 2 (under 22%) skal vera frå kl. 13.00 – 01.00, jf. alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 5.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader har stått sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra. Ein kan såleis ikkje tilrå skjenketidene som er sett opp i søknaden. Det vil også gje konkurransevriding internt i kommunen.

Førebyggingskriterier som går på opphaldsstader og nærområde for barn og unge har vore vurdert for alle skjenkestader, og ein har da kome fram til at dette vert aktualisert i tidsrommet for butikken sin opningstid, sjølv om skjenkestaden ikkje ligg i direkte nærområde for barn og unge.

Når det gjeld spørsmålet om område for uteservering er lokale så er dette definert i tobakkskadelova §6 og tolka i rundskriv frå helsedirektoratet, «Røykfrie serveringssteder – erfaringer med uteservering og røyking: Dersom overbygningen eller lignende er av en slik karakter at området ikke får en utlufing tilsvarende utendørsområder, vil dette være et sterkt argument for at det dreier seg om et lokale i lovens forstand.»

Viss uteområdet skal vere innebygd eller delvis innebygd med glastak og vegger rundt, vil dette vere å sjå på som eit lokale. Løyvehavar må i tilfelle godgjere korleis det kan fungere som eit reelt utandørsområde.

Kvingo Nærkjøp AS er registret i firmaregisteret med næringskoden for butikkhandel, men med utvida formål. Det er likevel ynskjeleg at Snekkarbua vert registret med eigen næringskode for drift av kafeer slik at desse to formåla vert adskilt juridisk.

### **Konklusjon**

Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren får serveringsløyve og skjenkeløyve for Snikkarbua. Kariann Ekren vert godkjend som dagleg leiar av serveringsstaden og styrar for skjenkeløyve medan Trine Ekren vert godkjend som avløyvar for skjenkeløyvet.

Det vert gjeve skjenkeløyve for øl og vin frå kl. 13.00 til 01.00 alle dagar. Det vert lov til uteskjenking etter opningstida for butikken. Viss området vert innebygd utan innsyn vert dette å sjå på som eit

lokale.

Det vert gjeve utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Løyvet gjeld for perioden fram til 31.03.20.

### **Formannskapet - 054/2017**

#### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøft

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

1. Serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren for lokalet Snekkarbua, adresse Austfjordvegen 1190, 5981 Masfjordnes.
2. Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Trine Ekren, 5981 vert godkjend som avlørsar for skjenkeløyvet.
4. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i Kvingo næringsbygg  
- Inneareal med pub og gatekjøkken ca. 50 m2.  
- Tilstøytande lokale ca. 50 m2 med glasstak og vegger rundt.  
Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. Det vert ikkje gjeve løyve til utandørs skjenking i butikken si opningstid.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.  
Det er eit vilkår at det vert matsservering i begge av lokala.
7. Det er eit vilkår for uteserveringa at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet. Viss uteserveringa vert innelukka med glasstak og skyvevegg som skissert i søknaden vert område å rekne som lokale, slik at røykeforbodet vil gjelde.
8. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing i tid.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
10. Kariann Ekren må ha gjennomført etablererprøven og kunnskapsprøven for skjenking innan 22. juni før løyve kan godkjennast.

#### **Heimel**

Serveringslova med forskrifter, alkohollova med forskrifter og tobakksskadeloven § 6.

### **Kommunestyret - 031/2017**

#### **KS - behandling:**

Wenke Fredheim Ekrem sa ho var ugild i saka då ho er mor til søkar. Det vart samrøystes vedteke at

Ekren var ugild.

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke med 15 røyster mot ei røyst (Jon Hope, KrF).

### **KS - vedtak:**

1. Serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren for lokalet Snekkarbua, adresse Austfjordvegen 1190, 5981 Masfjordnes.
2. Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Trine Ekren, 5981 vert godkjend som avløyssar for skjenkeløyvet.
4. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i Kvingo næringsbygg
  - Inneareal med pub og gatekjøkken ca. 50 m2.
  - Tilstøytande lokale ca. 50 m2 med glasstak og vegger rundt.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. Det vert ikkje gjeve løyve til utandørs skjenking i butikken si opningstid.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik: Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Det er eit vilkår at det vert matsservering i begge av lokala.
7. Det er eit vilkår for uteserveringa at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet. Viss uteserveringa vert innelukka med glasstak og skyvevegg som skissert i søknaden vert område å rekne som lokale, slik at røykeforbodet vil gjelde.
8. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing i tid.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
10. Kariann Ekren må ha gjennomført etablererprøven og kunnskapsprøven for skjenking innan 22. juni før løyve kan godkjennast.

### **Heimel**

Serveringslova med forskrifter, alkohollova med forskrifter og tobakksskadeloven § 6.